


BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 2, 2005/2006

Oktober, november, desember

President Anders Lausund



Redaksjonskomité: Magne Lundemo, Harald Gudbrandsen, Johanne Alvestad, Thor Grønmyr

Møte 4. oktober

President Anders ønsket velkommen og opplyste at ingen hadde hatt fødselsdag siden sist.

Anders hadde også 3-min. der han tok for seg Rotarys "4-spørsmålsprøven" -

Er det sannhet? - Er det rettferdig for alle det angår? - Vil det skape forståelse og bedre vennskap? - Vil det være til det beste for alle det angår? - Dette er gode leveregler som vi bør stille oss ved flere høve.

Kveldens program var hjemmesidene våre. Ivar Fjørtoft styrer med dette og han gikk gjennom hovedsiden punkt for punkt. Det er lagt ned et stort arbeid med å samle alle disse opplysningene og systematisere dem. Det er mange klubber som fortsatt står uten denne opplysningsbanken. Fortsatt er det mye stoff som mangler og som Ivar gjerne vil ha tak i så Brattvåg Rotarys hjemmesider er tilnærmet komplett til enhver tid. Noe materiell er vekk, men det jobbes med å rekonstruere det.

Ivar har også samlet mange bilder fra forskjellige anledninger i Rotary. Disse er lagret på en CD. Det trengs fortsatt bilder for å få et godt bildearkiv i klubben.

Det er lagt inn opplysninger om ungdom som har vært utvekslingsstudenter og deltatt på Round Trip både her og ute i verden, men her mangler informasjon.

Ivar ber medlemmene om hjelp med å få tak i opplysninger.

Det er gjort en god jobb med våre hjemmesider og Ivar fikk fortjent applaus for arbeidet.

HG

Møte 11. oktober

Gjester: Svein Rørhus og Thomas Vadset frå Vatne/Tennfjord RK
Kristoffer Haukås
Stian Volstad

Åremål: Hjørdis og Ivar

President Anders ønsket gjester og medlemmer velkomne og minte alle om krabbefesten den 28. oktober.

Påmeldingsliste vart sendt rundt. Hovedpost: Stian Volstad: "Å vere gründer i dag..."

Stian presenterte seg som ekte Søvik-gut, gift med Turid og bur på Terøya. Han er medeigar i firmaet Intentus i Brattvåg. Skulegang var det blitt heller smått med. Derimot har han hatt nok av pågangsmot og tru på seg sjølv og er ein aktiv kar, m.a. er han nestleiar i Brattvåg næringslag. Han starta med følgjande friske påstand: Kven som helst kan lukkast med kva som helst... forutsett at du:

- Ikkje verdset eiga fritid
- Tør (må) utfordre det ukjente
- Har over gjennomsnitt tru på egne evner
- Har vanskeleg for å site i ro
- Ser glede i å skape noko nytt
- Ser moglegheiter der andre ser vanska
- Er litt "fallskjermhopp" som lærer undervegs...

Han fortalde vidare at ein i Haram held på å innføre ein "mentormodell" der nystarta bedrifter skal ha ein erfaren person frå

næringslivet om mentor. Visjon: Gjere Haram til ein førgangskommune i Norge når det gjeld oppfølging av gründerar og nystarta firma. Ein bedriftssyklus består av fire fasar: Idéfase (kreativ), Etableringsfasen (konstruktiv), driftsfasen (systematisk) og konsolideringsfasen (produktiv). Mentor skal følgje opp bedrifta i alle desse fasane. Sjølv er han og firmaet i den siste fasen og han fortalde om mykje støtte frå erfarne næringslivsleiarar i Brattvåg.

Historikk om Intentus:

- Oppsart som enkeltmannsforetak mai 1999
- Typisk kjellarbedrift
- Utan klar forretningsidé•
Vegen vart til etterkvart
- Var heldig med marknad
- Gjorde om til AS i januar 2001
- Førstetilsette i mai 2001
- Flytta til Brattvåg sommaren 2002
- Flytta til Næringsparken i 2005

Bedrifta har i heile perioden hatt ei god økonomisk utvikling og består



i dag av i alt fem tilsette. Kunder er små og mellomstore bedrifter i distriktet og forretningsidéen er å fungere som IKT-avdeling for kundene. Bedrifta er ikkje ein standard leverandør av IT, men er på kunden si side og bygger opp gode relasjonar over tid. Fokuset er på kundene og på å verte godt kjent med dei.

For framtida er målet målretta vekst og å verte leiande aktør i Nordvest!

Vi takkar Stian for eit svært interessant og spennande foredrag og ønsker han lukke til vidare med firmaet sitt!

ML

Møte 18. oktober

Klubb saker: Aders kunngjorde at vår mangeårige medlem, Kjell Alvestad, var død etter langt sjukeleie. Vi minstest Kjell med eitt minutt stillheit.

Åremål: Johanne

Thorleif har lese i Haram bygdebok om skattar på 1700-talet og kunne fortelje at ikkje mindre enn 32 ulike skattar fantest allereie den gong. Vidare kunne han stadfeste at ekstremver ikkje er ei ny oppfinning, historia er full både av tørkeperiodar, nedbørsrekordar, naturkatastrofar og andre ulykker for folk og fe.

Anders refererte frå Distriktskonferansen i Stjørdal der han saman med Anne Grete og Lidvard representerte klubben vår. Fredag var det "bli kjent-kveld" med lokal mat og drikke og danseoppvisning. Spesielt hadde Stjørdalsølet gjort inntrykk! Laurdag var det offisielt program med mange interessante innslag, ikkje minst frå utflytta Brattvågar, Paul Hellandsvik, som under tittelen "Pengene eller livet" tok for seg leing innanfor hels- og omsorgssektoren. Elles var det som vanleg gruppeoppgåver og årsmøtesaker med rekneskap.

Rolf R. har vore "over dammen" og hadde med helsing frå Rotaryklubben i Battle Creek.

Møte 28. oktober

Krabbefest

Rotary møte - Krabbefest.

Møtet i dag var i vanleg tradisjon dei siste åra. Fullsatt lokale og god stemning.

Maten var som vanleg krabbe og reker med passende drikke til. Det mangla ikkje på mat eller drikke slik at vi kunne gå heim mett og god.

Fullsatt lokale med tilreisande gjester frå Ålesund sette ein ekstra spiss på arrangementet. Invitasjon til gjensitt til byen vart gitt frå klubben i Ålesund. Stor stemning etter kvart som avec`en gjekk ned.

Det virker som medlemmane synes fredag er ein passende dag for krabbefesten.

Thor G

Møte 1. november

3.min. ved Rolf Rørhus.

Tema:Vi dressa oss ikkje nok opp, kva som gjer det, er vi for forkava.

Yrkesforedrag : Rolf Doran.

Jobber som prosjektleder, Brattvåg Skipsverft og Søviknes Verft:Aker Han følger opp fra kontrakta vert skriven til garantitida er over. Normalt 1 år, kan gå lenger. Han gir rapport til sjefer og eigarar kvar måned, om status på bygget. Aker Brattvåg eig Aker Tulcha i .

Romania.Dei bygg skroga, dei vert slept til Brattvåg, nokosom tar ca.3 veker, der båten vert bygd ferdig. Brattvåg har eget designkontor.

J.A.



Møte 8. november

Hans Arthur Hildre død.

3.min. ved Njål Remmereit.

Han fortalde om ein tur han og Kari hadde til Gøteborg, "Stora høga" besøkte nokre damer han hadde vorte kjent med fra Inner Wheel møte i Brattvåg tidligare.

Foredrag av Louise Hahjem, leder av Markets Nordea i Ålesund.Der er ansatt 5 meglere. Jobber med internasjonale kunder, valuta og renter. Ho snakka ein god del om utsiktene framover. Går oljeprisen opp vert det vekst i Noreg, og folk kan plasere penger i Noreg. Oljepris ned, rentedifferanse opp. Bush låner meir pengar i staten sitt navn og pusher dei inn i områder som skal oppbyggast. Euro ned, styrking av dollar når veksten snur litt. Sentralbanken sit med mykje reserver i dollar. Slutt på krigen i Irak, då vil dollaren styrke seg.

Norges Bank vil fortsette å heve renta forsiktig.

J.A.

Møte 15. november

Møte 15. november

Klubb saker:

Åremål: Rolf H. & Jostein

Invitasjon til Bacalaoselskap hos Ålesund Øst Rotaryklubb

3-minutt: Johan sitt tema or kvelden var musikken i NRK P1. Etter Johan

sin klare meining er denne musikken i altfor stor grad for ungdommeleg, og han gav full støtte til dei mange eldre i landet som protesterer mot denne linja.

Hovedpost: Kommunikasjon og personleg vekst v/Turid Skjelten frå Resonans Studio

”Det viktigste er viljen til å vere delaktig i ditt eige liv.” Med dette postulatet starta Turid kveldens foredrag som i store trekk handla om kommunikasjon og dei tenester ho kan tilby enkeltmenneske og organisasjonar på dette feltet. Turid har ein mangfoldig bakgrunn, m.a. som styrar i ein barnehage. Ho har i seinare år studert såkalla nevro-lingvistisk programmering (NLP) både i Norge og i utlandet. Ho starta sitt eige firma, Resonans Studio i mai 2002 og har sidan desember 2003 halde til i ”Severin-huset”. Ho tilbyr i dag tenester innanfor fire hovedområde:

- Coaching/lifecoach
- Samtalerapi
- Organisasjonar (kurs om ”det heile mennesket)
- Healing (gjenopprette balansen i kroppen)

Det finst mange former for kommunikasjon:

- Ein til ein
- Ein til gruppe
- Gruppe til ein
- Med seg sjølv (support/indre dialog)
- Å lytte (for å forstå den andre)
- Å sjå/observere – lese kroppsspråk
- Å respondere/ta initiativ – vere sender
- Å vere stille

Turid snakka også om korleis ein kan utøve support til seg sjølv (NLP) for å kunne fungere betre i kvardagen:

- Nevrologisk: kontrollere følelsene
- Lingvistisk: bli bevisst på ord og fraser ein bruker på seg sjølv
- Programmere: øve – repetere

Vi takkar for eit interessant og engasjert foredrag. ML

Møte 22. november

Fritt møte

Referat manglar dessverre frå dette møtet, men radlen gjekk nok også denne gongen.....

Møte 29. november

Dette møtet var i sin heilheit lagt til folkebiblioteket i Brattvåg med bibliotekar David Beadle som dyktig guide og forelesar. Etter ei rask runde der vi fekk sjå oss rundt i lokala, samla David oss for å fortelje om biblioteket og drifta av det. På eit fengjande og engasjert vis fekk vi høyre kva for tenester han kan tilby oss og kva for filosofi som ligg bak drifta. Hovudbiblioteket ligg i Brattvåg med seks filialar i dei største andre bygdene i kommunen. Alle bøkene er lagt inn i ein database og låntakarane kan lett finne fram til den litteraturen dei ønskjer. Dei siste åra har bøkene på dei største skulebiblioteka også vorte lagt inn i denne basen. I tillegg til vanleg fag- og skjønnlitteratur, kan ein låne lydbøker, musikk-CDar og DVD-ar. Biblioteket har over 16 000 bøker, 1 700 filmar, 1 200 musikkinnspelningar, 65 aviser og tidsskrift, lokalhistorisk avdeling og fire PC-terminalar for publikum.

Folkebiblioteket i Haram har dessutan eit godt utvikla samarbeid med bibliotek over heile verda slik at det er nesten ingen ende på kva litteratur som kan skaffast.



Vi fekk absolutt inntrykk av eit vel-drevent og godt bibliotek, noko som mange av medlemmene som har nytt

godt av David sin gode service og dugleik kunne stadfeste!

Ein vart oppfordra til å bruke både biblioteket og ikkje minst gå i på heimesidene for å finne ut meir om tenestene der.

<http://www.haram.folkebibl.no/>

ML

Møte 6. desember

Julesanger v/ Bernt Johannes Hildrestrand.

President Anders L. orienterte om klubb saker . Forslag om å støtte Øyen frå

Langevåg som guvenør for 2007.

Det vart reist spørsmål om ikke vi og har ein kandidat til dette vervet i Rolv Rørhus. Styret skulle sjå litt nærare på dette.

To av medlemene i klubben har vore innlagt på sjukehus og styret vil gi desse ei lita oppmerksomheit no i etterkant.

Kameratskapskomiteen med Helge i spissen serverte gløgg og julekaker.

Vi fekk servert

både ”køyregløgg” og

”spasergløgg”- noko dei gåande sette stor pris på.

Tema for kvelden skulle vere starten eller byrjinga på julesangane, men Bernt Johannes

endra litt vinklinga på temaet og sette oss i julestemning med sanger og fortellinger i samband med jula. Han hadde tatt med seg gitaren og sang mange av dei kjente julesangane våre.

Kvelden vart ei blanding av framføringer av Bernt Johannes og allsang frå medlemmane

i tillegg til fortellinger av Bernt Johannes. Dei fleste av oss kom fort i julestemning når Bernt Johannes sette i gong med underhaldninga. Som så mange gonger før får vi erfare at jula kjem fortare på oss enn vi er klar over.

Bernt Johannes tok oss med på ei reise gjennom dei julesangane som har og har hatt mest betydning for han.

Timen med underhaldning gjekk fort og vi takker Bernt Johannes for ei triveleg stund med julesanger og underhaldning. Takker også kameratskapskomiteen for at dei passer på væskebalansen til medlemmane.

Thor

Rotarymøte 13.12.2005

Fritt møte.

Formannen orienterte om to av medlemmene som har vore uheldige og brote bein.

Han hadde besøkt dei etter sjukehusopphald. Det står etter forholda bra til med dei.

3-min ved Thorleif Marken. Han tok opp markedsføring og reklame i NRK.

Lite frammøte denne dagen.

Kanskje alle mennene var opptekne med førebuingar til jul?

Årsfest vert i februar. Brattvåg rotary har jubileum neste år. Dette vert planlagt å

markere på hausten. Styret tek avgjerd om høveleg tidspunkt.

Thor

Rotarymøte 20.12.2005

Presidentens møte

Thorleif Marken har fått Kongens fortjenestemedalje i sølv. I tillegg har han hatt fødselsdag. Vi gratulerer.

Rapport frå styremøte:

Økonomien i klubben er bra.

Kontingenten for 2006 vert kr 900.- Medlemer som

Har permisjon skal betale halv kontingent for å dekke utgifter klubben har til RTN etc.

40-års jubileum vert til hausten.

Krabbefesten går truleg ut.

Søknad frå Vatne/Tenfjord rotary vedk. Overføring av ein medlem til Brattvåg- Stein Moe. Claudius Zezinger er foreslått som observatør.

Det vert arbeidd med fellestransport (buss) til Convention i København 14-17 juni 2006.

Endre la fram rekneskapen for 2004/05. Denne syner eit overskot på kr 16344.-

Rotary foundation har eit mål om å få betalt inn 30 USD \$ pr medlem. Brattvåg har

betalt inn 12 USD \$.

Frammøte prosent 61.7 Gjennomsnitt i rotary var 52.6. Diskusjoner vedk permisjonsregler.

Det vert praktisert ulikt i klubbane. Fleire klubber har møtefri i 4 veker om sommaren.

Presidenten gjekk igjennom møta for hausten 2005 og oppsummerte desse.

Ein bør alt no starte planlegging av haust-tur 2006.

Thor

Kjell Alvestad til minne

Budskapet om at Kjell Alvestad er død kom nok ikkje heilt uventa. Helsa har i lang tid skranta. Men vanskeleg er det likevel å forstå at ein god ven gjennom eit heilt liv, og arbeidskollega i alle år, no er borte. Heilt frå barndom og ungdom har Kjell vore ein tiltaksam og aktiv person. I barndomen var han gjerne fremst i guteflokken og fann på både det som var godt og det som var gale.

Si yrkesaktive karriere starta han på sjøen, som nokså vanleg var den tida. Først på skuleskipet "Sørlandet", og i riggen der fekk han nok avløp for mykje av den eventyrlysta og det vågemotet som var litt av Kjell sin karakter. Seinare var det ein periode med innanriksfart, før han gjekk på land og tok til som elektrikar-lærling på Brattvåg Elektro AS, som skulle bli arbeidsplassen resten av hans yrkesaktive tid.

Etter nokre praksis-år i elektrikarfaget vart det teknisk skule i Trondheim. Så tilbake til Brattvåg Elektro, og no som leiar for landinstallasjonen, seinare vart han installasjonssjef.

I ein lang og god utviklingsperiode for bedrifta fronta Kjell ikkje berre på det faglege planet, men også på det personlege, på ein framifrå måte. Som personalansvarleg kunne det nokre gonger vere utfordringar som han med omsorg og omtanke greidde å løyse på ein god måte. I eller utanfor arbeidstid så stilte Kjell opp.

Han hadde fagleg tyngde sjølv om arbeidet etter kvart vart meir på det administrative planet, og han fekk også fleire eksterne tillitsverv. Utanom arbeidet var hobbyen i første rekke hytta på Stette. Dit for han



ofte og gjerne, ilag med kona Annbjørg og andre i familien, eller verner. Før helsa svikta likte han også å gå turar i fjell og mark.

Kjell stifta tidleg familie. Annbjørg og han fekk fire born i lag. Som alle har busett seg her i trakten.

Tankane våre går i dag til dei og til familien elles, som sit att med saket og sorga etter ein person vi alle set stor pris på.

Vi lyser fred over Kjell sitt minne.

J.S.